

Kvinnherad idrettsråd

Organisasjonsledd i
NORGES
IDRETTSFORBUND

Uskedalen 22.02.2017

Til idrettslaga i Kvinnherad

Velkomen til anleggskonferanse i Kvinnherad!

Kvinnherad idrettsråd inviterer til ei samling med fokus på situasjonen for idrettsanlegg i Kvinnherad.

Onsdag 15. mars kl. 18 – 21

Kulturhuset Husnes (møterom 1 & 2)

Det er fleire målsettingar for samlinga:

- ❖ Hjelp idrettslag vidare med sine planar om nye anlegg
- ❖ Inspirere til utvikling og samarbeid på tvers av greiner og geografi
- ❖ Kartleggje behov og ønskje om innhald i ny fleirbrukshall på Husnes. Korleis kan ny hall best tene heile Kvinnherad? Er det idrettsgreiner med spesielle behov?

Program

- Velkomen v/idrettsrådet
- Helsing v/ordføraren
- Anleggssituasjonen i Kvinnherad, overordna v/Linda Øen, Kvinnherad kommune og korte, førebudde innlegg frå idrettslag og Hordaland idrettskrins
- Finansiering av idrettsanlegg v/Linda Øen, Kvinnherad kommune
- Ny fleirbrukshall på Husnes
 - Resultat frå brukarundersøking v/Monika Høyer Haugland
 - Presentasjon av forprosjekt v/Knut Prestnes
 - Prosjektering og utbygging v/Anne Guri Haugerud Kildal, Kvinnherad kommune
- Drøfting av anleggsbehov generelt og innhald i ny fleirbrukshall spesielt (plenum)

Send påmelding med tal deltakarar frå ditt idrettslag til post@kvinnheradidrettsrad.no **innan 10. mars.**

Med helsing



Anbjørn Høvik,

styreleiar

Kvinnherad idrettsråd